



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 14.04.2015

Vår ref.: 2015/4661

Arkivnr.:

Strand kommune Plan og forvaltning  
Postboks 115  
4126 Jørpeland

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Varsel om forvaltningskontroll i Strand kommune

Vi viser til brev datert 18.12.2014, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2015. Av brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll av Strand kommune i løpet av første halvår 2015. Vi ønskjer med dette brevet å informere om kontrollen og avtale dato for denne.

### Forslag til dato for kontrollen

Vi vil føreslå å gjennomføre kontrollen **onsdag 20. mai 2015**. Som alternativ dato har vi fredag 5. juni. Vi håpar at ein av desse datoane passer, og ber om tilbakemelding på dato innan 17.04.2015.

### Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet. Sist det blei gjennomført forvaltningskontroll i Strand kommune var 1. oktober 2008.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

### Informasjon om kontrollen

Under kontrollen vil vi sjå nærare på kommunen si forvaltning av regelverket knytt til produksjonstilskot i jordbruket, regionalt miljøprogram, skogfond og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake til meir detaljar rundt aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

09.30-10.00 Formøte - informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

10.00-14.00 Intervju og gjennomgang av dokument

14.00-15.00 Sluttmøte - oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og sakshandsamar for dei ulike ordningane. I tillegg er det eit ønskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta på formøtet og sluttmøtet.

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy eller assisterande landbruksdirektør Geir Skadberg møte i tillegg til saksbehandlarar på produksjonstilskot, regionalt miljøprogram og skogordningane. Kontrollansvarleg for denne forvaltningskontrollen er Sissel C. Endresen.

Ta kontakt om det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

—  
Geir Skadberg  
ass. landbruksdirektør

Sissel C. Endresen  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60  
E-post: [fmrosce@fylkesmannen.no](mailto:fmrosce@fylkesmannen.no)